



LARS KRISTIAN BREKKE

5685 UGGDAL

Dato: 01.06.2017

Vår ref.: 2017/1522-23

Saksbehandlar: jomragn

Dykkar ref.:

## Avslag på søknad om tilskot til viltformål 2017 – Førebygging mot viltskade

Det vert vist til dykker søknad datert 31.10.2016 om tilskot til viltformål – til prosjekt *Søknad til førebygging mot vilt skade*. Søknaden vart fremja i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet (ESS), under den statlege tilskotsposten til viltformål, kap. 1425 post 71, med søknadsfrist 15.01.2017. Søknaden sin referanse i ESS er 16S1EFE3.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama sak om tilskot til viltformål i møte 16.05.2017, sak PS 78/2017. Der fekk dverre søknaden avslag.

### Grunngjeving

Det vert vist til søknadsvurderingane i saksframlegget og til vedtaket i saksprotokollen.

Lenke til saksframlegg med søknadsvurdering: <http://bit.ly/2q75Bui>

Lenke til saksprotokoll med vedtak: <http://bit.ly/2qcTzeV>

Som det går fram av saksframlegget fekk Hordaland fylkeskommune, i brev frå Miljødirektoratet datert 22.02.2017, kr 400 000 til vidare fordeling under tilskotsposten. Hordaland fylkeskommune mottok i år i alt 11 søknader, med samla omsøkt tilskot frå fylkeskommunen på kr 738 000. Kriteria Klima- og miljødepartementet har sett for tilskotsordninga ligg til grunn ved søknadsvurderingane. Under tilskotsposten er det føresett samordna søknadshandsaming med søknader som er adressert til Fylkesmannen og søknader under andre statlege tilskotsordningar som er adressert til fylkeskommunen.

Under tilskotsposten til viltformål, var søknaden også adressert til Fylkesmannen i Hordaland. Etter samordna søknadshandsaming vart det rådd til å ikkje gje tilskot frå Hordaland fylkeskommune. I søknadsvurderinga i saksutgreiinga står det følgjande:

Vurdering: Tiltaket fell strengt tatt ikkje inn under nokon av tiltakstypane som kan få tilskot frå fylkeskommunen, jf. opplistinga av tiltakstyper frå rundskriv T-1/16 i kapittel 4.1. Det vert heller ikkje vurdert at tiltaket kan prioriterast under punktet «andre særleg prioriterte viltformål». Problem med lammetap lokalt bør i tilfelle takast opp med kommunen som lokalt landbruks- og viltmynde, for vurdering av kva som evt kan vere effektive tiltak. Det er nok mange liknande utfordringar rundt omkring i kommunane. Tilretteleggjande tiltak for auka jakt på rev på Tysnes kan kanskje vere eit aktuelt tiltak, kanskje innføre skotpremie på rev? - men heller ikkje det er noko som kan støttast under tilskotsordninga. Konklusjon: Det vert rådd til å ikkje støtte tiltaket.

### Klage/partsinnsyn

Det er klagerett på vedtak om midlar til viltformål, då desse er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 28.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er

klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Jomar Ragnhildstveit på epost [jomar.ragnhildstveit@hfk.no](mailto:jomar.ragnhildstveit@hfk.no), eller telefon 976 66 576. Lukke til vidare med dykkar arbeid!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø  
klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*